

# Kyrkjegardsvedtekter for kyrkjegardane i Etnedal

Skrive etter Lov av 7. juni 1996 nr. 32 om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) § 21.

Vedteke av Etnedal kyrkjelege fellelsråd 3.4.2008.

Godkjent av Hamar bispedømmeråd i brev av 15.04.2008.

Kyrkjegardane er administrerte av kyrkjeleg fellelsråd.

## § 1. TILHØYRING

Døde personar i Etnedal kommune skal som hovudregel gravleggjast på den kyrkjegarden dei soknar til, om dei ikkje blir gravlagde i ei anna kommune.

Ved spesielle høve kan fellelsrådet, ved kyrkjeverja, bestemme gravlegging ved den andre kyrkjegarden i prestegjeldet enn den som avdøde soknar til.

## § 2 FREDINGSTID OG FESTETID

Fredingstid for kistegraver og urner er 30 år.

## § 3 FESTE AV GRAV

Når kistegrav blir teken i bruk, kan grava ved sida av bli festa. Når behovet tilseier det, kan det etter ein søknad til kyrkjeleg fellelsråd bli festa fleire graver, men ikkje meir enn fire ved sida av kvarandre. Desse gravene utgjør då ein gravstad.

Dersom den fyrste i eit ektepar vil bli kremerte, og den andre ikkje vil, kan urna setjast ned øvst i ei kistegrav som kan brukast av den andre ektefellen.

Når festetida er omme, kan gravstaden bli festa for nye 10 år.

Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan etter spesielt samtykke frå kyrkjelege fellelsråd. I god tid før festetida er ute, skal festaren få varsel. Er festet ikkje fornya innan 6 månader etter forfall, fell gravstaden attende til kyrkjegarden. Dersom det ikkje kan bli innhenta samtykke frå festaren om bruk av grav, kan kyrkjeleg fellelsråd ved kyrkjeverja ta avgjerd om gravlegging. Når ein festar døy, skal dødsbuet gje kyrkjelege fellelsråd melding om kven festet/festa skal overførast til.

## § 4 GRAV OG GRAVMINNE

Kyrkjetenaren vil planere grava etter gravferda. Montering av gravminne kan tidlegast skje seks månader etter gravlegging i kiste. Eit trekors med den døde sitt namn kan stå der i mellomtida.

På ny festa gravstad blir gravminnet plassert i bakkant av den grava som blir teken i bruk, og blir ståande der for godt.

## § 5 PLANTEFELT

Framfor gravminnet kan det bli opparbeida eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Det må ikkje vera breiare enn breidda av gravminnet. Det kan ikkje gå lenger fram enn 60 cm frå bakkanten av gravminnet.

Det skal ikkje vera vekster som er høgare enn gravminnet, eller går ut over plantefeltet. Det skal ikkje brukast faste dekorgjenstandar i plantefeltet. Lause dekorsaker skal fjernast etter bruk. Det er ikkje høve til å ramme inn grava eller delar av den med hekk eller døde gjenstandar.

Det som er i strid med desse krava vil bli retta av fellelsrådet utan varsel til festaren. Det same gjeld for § 6.

## § 6 PLANTEMATERIALE

Planter, kransar og liknande materiale som blir brukt ved gravferd eller pynting av grav, og som endar som avfall, skal heilt ut kunne bli kompostert. Ved gravferder blir blommar og kransar lagt i grava før den blir fylt att.

## § 7 STELL AV GRAV

Festar eller ansvarshavande for frigrav, har rett og plikt til å stelle den eller dei gravene vedkomande har ansvar for. Plantefelt som ikkje blir stelt, blir tilsådd av kyrkjetenaren. Etter stell og arbeid på gravene må alt avfall fjernast og leggjast på tilviste plassar. Reiskap og vatnings-kanner som høyrer til på kyrkjegarden skal på rett plass etter bruk.

## § 8 GRAVLEGAT

Festar eller ansvarleg for grav kan, ved å betala ein sum til eit gravlegat, få stelt grava av andre. Kyrkjeverja er legatstyrar. Det blir ført eigen rekneskap med revidering. Fellelsrådet fastset ein årleg sum for stell av gravene etter storleik. Fellelsrådet kan berekne seg provisjon av administrasjon og revisjon av gravlegata. Gravlegatet kan ikkje opprettast for lengre tid enn festetida, men etter varsel kan legat-summen aukast. Vedlikehaldet vil opphøyre når pengane er oppbrukte. Dersom det er att midlar når grava skal slettast, blir dei brukte til alminneleg pynting av kyrkjegarden.

## § 9 BÅREROM

Bårerom er disponert av kyrkjeleg fellelsråd, og skal berre brukast til oppbevaring av døde i tida, fram til gravferda. Ingen har lov til å gå inn dit utan lov av prest, gravferdsbyrå eller den som står for gravferda.

## § 10 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ynskjer å drive næringsverksemd på kyrkjegarden må ha lov til det av kyrkjeleg fellelsråd, og følgje den avtala som er gjort. Det kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver. Dei kyrkjegards-tilsette kan ikkje mot godtgjersle utføre tenester for private eller næringsdrivande, og kan heller ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med kyrkjegarden å gjera.